



Notat

Til: Byggenemnda v/John Bauge, Torill Helland og Martin Soltveit

Kopi til: Henning Haugland, Ingvill Taule, Edgar grindheim, Lisbeth Alvær, Einar Færø, Jon Askeland

Saksbehandler: Teknisk drift/Tore Rikstad
Vår referanse: 15/142 - 11 / FA - M00, FE - 144
Dato: 09.06.2016

Emne: Byggenemnda for bygg/veg, vatn og avløp-revidering av hovudplanar for vatn og avløp-referat frå byggemøte 07.06.2016

Desse møtte:

Frå byggenemnda: John Bauge, Torill Helland og Martin Soltveit

Frå administrasjonen: Einar Færø og Tore Rikstad

Saker:

Gjennomgang av notat frå Asplan Viak om forslag til avløpsreinseanlegg for Manger:

Etter vedtak i Formannskapet sak 079/2015 har administrasjonen gjennom ei arbeidsgruppe saman Asplan Viak som rådgjevar fått utarbeidd eit notat/rapport om forslag til avløpsreinseanlegg for Manger. Arbeidsgruppa har bestått av Einar Færø, Tore Rikstad og John Bauge.

Med utgangspunkt i rapporten , å samla 3 kommunale slamavskillarar og fleire private slamavskillarar, orienterte John Bauge byggenemnda både om alternative plasseringar og alternative reinseløysingar og om fordelar og ulemper samt kostnadene ved dei ulike løysingane.

Arbeidsgruppa har i notatet konkludert med at ei plassering ved Mangersvåg kai (privat grunneigar)og Mangersnesvegen(privat grunneigar) peikar seg ut som beste lokalitet. Kostnadene med grunnavståing er ikkje avklart, men dersom alternativet med Mangersvåg(tilbygg tidlegare fryselageret til Manger Fiskemat)kai blir velt har grunneigar komen med innspel om at kommunen må kjøpa heile bygget og del av kai.

Reinsealternativa er anten tradisjonell slamavskillar eller mekanisk silanlegg, begge innafor krav til reinsegrad i Forureiningforskrifta.

Ein tradisjonell slamavskillar vil vera billegast å bygga. Vektlegg ein pris åleine, og forutsett at lukt og støy ved tømning av slamtank vert akseptert, foreslår Aplan Viak slamavskillar. Det er likevel argument som talar for at eit silanlegg vil framstå som ein meir framtidsrette løysning med omsyn til reinsegrad og kontroll med kvalitet på reinsa avløp.

Vedtak:

Byggenemnda tilrår lokalisering ved Mangersvåg kai eller ved Mangersnesvegen i tråd med notatet frå Asplan Viak.

Byggenemnda meiner at eit silanlegg er meir teneleg og framtidsretta løysing, særleg med omsyn til ei eventuell utviding og framtidig oppgradering av anlegget. Byggenemnda meiner at prosjektet med tilrådd plassering og tilrådd reinseløysing bør innarbeidast i pågåande arbeid med revidering av hovudplanen for avløp.

Revidering av hovuplanar for vatn og avløp - endeleg utkast:

Saman med byggenemnda er det gjennom ei arbeidsgruppa beståande av Eina Færø, Tore Rikstad og Jan Magnus Drivenes s med Asplan Viak AS som rådgjevar utarbeidd framlegg til nye hovuplanar for vatn og avløp.

Planane er ein revisjon frå tidlegare vedtekne planar for planpreioden 2011 – 2014 og vil erstatta desse.

Vedtak:

Byggenemnda vedtar dei reviderte hovudplanane for vatn og avløp slik dei ligg føre med merknad om at det i dei årlege budsjetta for vassforsyning vert sett av ca. kr. 300.000 – 400.000 til materiell i dugnadsprosjekt for framføring kommunalt vatn i etablerte bygder.

Vidare saksgang:

Planane vert oversendt Hovudutvalet for 1. gongs politisk handsaming for deretter å bli lagt ut til offentleg ettersyn/høyring.

Status utvida lokaler til heimetenesta v/ Velferdssenteret:

- Arbeida er ferdigstilt og tatt i bruk.
- Det er gitt ferdigattest og sluttoppgjer er gjennomgått med entreprenør.
- Kostnadene på kr. 2.177.109,- eks mva er godt innafor vedtatte budsjettramme på kr.2.560.000,- eks mva. Dette skuldast i hovudsak at ein slapp ei vesentlegg utbetring av ventilasjonsanlegget.

Tore Rikstad
ref